



Høyrings-
utkast

Handlingsprogram Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innhald

Innleiing	5
Strategiar for å oppfylle måla.....	6
Mål 1: Eit lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft og framtidsretta verdikjeder ...	7
Mål 2: Sirkulær og sikker forvalting av ressursane.....	8
Mål 3: Kunnskapsbasert nyskaping tilpassa fortrinn og utfordringar i heile fylket.....	9
Mål 4: Eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova til arbeidslivet	10
Mål 5: Eit utdanningsløp som aukar fullføringa og betrar kvalifiseringa.....	11
Mål 6: Stabil og langvarig deltaking i arbeids- og samfunnsliv	12
Oppfølging av handlingsprogrammet	13
Roller og ansvar.....	13
Samarbeid	13
Tiltak	13
Verkemiddel	13
Resultat og effektmåling	13
Rullering av handlingsprogrammet	14

Innleiing

Dette er eit førstegenerasjons handlingsprogram knytt til den regionale planen for verdiskaping og kompetanse. Handlingsprogrammet gjeld for heile Vestland og er utforma på eit overordna og strategisk nivå.

Vestland skapar verdiar og kompetanse for framtida

Handlingsprogrammet med strategiane skal fungere som utgangspunkt for samarbeid om prioriteringar og ramme for betre samordning på tvers av forvaltingsnivå. Gjennomføring av handlingsprogrammet krev koordinert innsats frå offentleg sektor, næringsliv, arbeidsliv og kunnskapsmiljø. Vestland fylkeskommune tek ei aktiv samordnarrolle og skal sikre at innsats og verkemiddel trekkjer i same retning.

Handlingsprogrammet har ein fireårig horisont. Behov for rullering skal bli vurdert kvart år, basert på ny kunnskap, endra rammevilkår og samla ressursar.

Fylkeskommunen vil parallelt med høyringsprosessen av planen og handlingsprogrammet ha dialog med ulike aktørar om utvikling av eit meir konkret handlingsprogram. Det blir

meir handlingsretta, med tiltak, tydelegare ansvar, roller og ressursbruk. Som del av dette arbeidet vil behovet for temaplanar for utvalde politikkområde bli vurdert. Tiltak skal i tillegg bli knytt til fylkeskommunen sine årlege budsjett- og økonomiplanar, for å styrke koplinga mellom mål, innsats og effekt.

Oppfølginga skal vere kunnskapsbasert, open og lærande. Relevante indikatorar nyttast for å følgje utviklinga og gi grunnlag for dialog og justering.

Strategiar for å oppfylle måla

Den regionale planen for verdiskaping og kompetanse har seks overordna mål og tjue prioriterte strategiar. Måla gir langsiktig retning for utviklinga i Vestland, medan strategiane peikar ut kva innsatsområde som skal prioriterast i eit fireårig perspektiv. Dette skal bidra til målretta og samordna gjennomføring i planperioden, med rom for justering gjennom rullering. Gjennomføringa føreset tett samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane og andre sentrale aktørar, som næringsliv, utdannings- og forskingsmiljø, statlege aktørar, verkemiddelapparatet og partane i arbeidslivet.

Samletabell over mål og strategiar:

Mål	Strategiar
1 Eit lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft og framtidsretta verdikjeder	1.1 Bidra til å systematisk omstille dei eksportretta verdikjedane med høg verdiskaping og høge utslepp 1.2 Stimulere til utvikling av kunnskaps- og teknologiintensive næringar 1.3 Sikre eit robust energisystem med auka produksjon frå fornybare kjelder 1.4 Styrke kompetanse og kapasitet for klimaomstilling i samfunnet
2 Sirkulær og sikker forvaltning av ressursane	2.1 Styrke kompetanse og kapasitet for sirkularitet i planlegging og utviklingsarbeid for kommunar, region og næringsliv 2.2 Stimulere til å utvikle løysingar for sirkulær ressursbruk i ulike sektorar 2.3 Styrke totalberedskap og forsyningstryggleik
3 Kunnskapsbasert nyskaping tilpassa fortrinn og utfordringar i heile fylket	3.1 Samarbeide om nyskapande samfunns- og næringsutvikling i kommunane 3.2 Forsterke alle fasar av innovasjonsprosessen i næringslivet 3.3 Stimulere til forskingsbasert innovasjon og kunnskapsutvikling 3.4 Sikre tydelege roller og sterke aktørar i innovasjonssystemet
4 Eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova i arbeidslivet	4.1 Utvikle og stimulere til fleksible og tilgjengelege kompetansetilbod 4.2 Skaffe oversikt og innsikt i behova til arbeidslivet 4.3 Vidareutvikle ei heilskapleg og kunnskapsbasert rådgjeving og rettleiing for unge og vaksne
5 Eit utdanningsløp som aukar fullføring og betrar kvalifisering	5.1 Sikre høg kvalitet i opplæringa og utdanninga på alle nivå 5.2 Arbeide for trygge og inkluderande læringsmiljø 5.3 Arbeide systematisk med overgangar mellom alle utdanningsnivåa i opplæringsløpet og frå utdanning til arbeidsliv
6 Stabil og langvarig deltaking i arbeids- og samfunnsliv	6.1 Sikre inkludering og mangfald i arbeids- og samfunnsliv 6.2 Leggje til rette for større fleksibilitet i arbeidslivet 6.3 Styrke moglegheitene for å delta lenge i arbeidslivet

Tabellane nedanfor viser kvart mål og kvar strategi, kva som skal gjerast for å nå dei, og kven som er sentrale aktørar i gjennomføringa.

Mål 1: Eit lågutsleppssamfunn med auka konkurransekraft og framtidsretta verdikjeder

Strategiar 2027 - 2031	Dette skal gjerast
1.1 Bidra til å systematisk omstille dei eksportretta verdikjedane med høg verdiskaping og høge utslepp	Gjennomføre systematiske omstillingsløp knytt til verdikjedene for energi, marine næringar, prosessindustri og maritim transport. Også fornybar energi-sektoren må gjennom slikt løp. Det omfattar forpliktande partnarskap, klare mål for utsleppskutt og verdiskaping, og samordna bruk av verkemiddel frå pilot til industriell drift. Sjølvgåande sirkulære hubar kring dei største utsleppspunkta og prioriterte industriområde i Vestland skal bli sikra. Til ei kvar tid skal det liggje føre eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for dei kritiske suksessfaktorane kapital, areal og infrastruktur, kompetanse og energi, som skal gi grunnlag for målretta tverrfaglege tiltak.
1.2 Stimulere til utvikling av kunnskaps- og teknologiintensive næringar	Kunnskapsmiljøa knytte til ulike verdikjeder og rolla dei har i utvikling av nye næringar i heile regionen skal synleggjerast. Det skal arbeidast systematisk med å kople kompetanse på tvers av sektorar, til dømes ved at helsesektoren hentar kompetanse frå andre fagområde for å utvikle nye løysingar. Bruk av digitale verktøy og KI for optimalisering av ressursbruk, energi og logistikk i næringsliv og offentleg sektor skal bli fremma. Dette krev målretta og forpliktande forskings-, utviklings- og innovasjonssamarbeid mellom sterke forskingsmiljø og relevante delar av næringslivet. Det skal vere ei særleg satsing på å bidra innan nye næringar med utspring frå kunnskapsmiljøa i Bergen.
1.3 Sikre eit robust energisystem med auka produksjon frå fornybare kjelder	Det skal arbeidast for ein heilskapleg prioritering i kraft- og nettutbygging. Kommunane i Vestland må sikrast god kompetanse og kapasitet til å utvikle energisystem lokalt, regionalt og nasjonalt. Arbeide for å auka lokal legitimitet og redusert konflikt i viktige/gode kraft- og omstillingsprosjekt. Vidareutvikle vasskrafta i Vestland som ei berekraftig og lokalt forankra ryggrad i kraftsystemet. Arbeide for ei målretta vidareutvikling av kraftnettet som styrker omstilling og verdiskaping, som skjer med god lokal forankring og minst mogleg naturinngrep. Vurdere å opprette eit regionalt «kraftforum», som inkluderer netteigarar og nasjonale energiaktørar. Ein kan dra nytte av erfaring frå slike forum i til dømes Sunnhordland og Fjordane.
1.4 Styrke kompetanse og kapasitet for klimaomstilling i samfunnet	Samordne og styrke metodikk for klimavurderingar, utvikling av løysingar og innovasjon i kommunar og næringsliv. Innsatsen for klimaomstilling skal styrkast både i privat og offentleg sektor. Kompetanse og kapasiteten for kommunar og verksemdar skal aukast. Arenaer for samarbeid skal bli vidare utvikla. Tilgang til felles metodar for å vurdere om klimamål blir nådd, skal bli sikra. Mogelegheiter og løysingar skal synleggjerast. Vi skal motivere til vidare innsats på tvers av samfunnsområde og organisasjonar. Det skal vere spesiell merksemd på systematiske styringsverktøy, t.d. klimabudsjett og rekneskap.

Sentrale aktørar: Næringsaktørar, fylkeskommunen, kommunane, KS, Næringsforum Vestland, Innovasjon Norge, Grøn region Vestland, klynger, operatørar i det nasjonale næringshage- og inkubatorprogrammet, Forskringsrådet, forskingsorganisasjonar, høgskuler og universitet, nett- og kraftselskap, partane i arbeidslivet

Mål 2: Sirkulær og sikker forvaltning av ressursane

Strategiar 2027 - 2031	Dette skal gjerast
2.1 Styrke kompetanse og kapasitet for sirkularitet i planlegging og utviklingsarbeid for kommunar, region og næringsliv	Kommunane, fylkeskommunen og andre aktørar i Vestland skal sikrast god kompetanse og kapasitet for å fremje sirkulære løysingar. Det omfattar å utvikle og ta i bruk rettleiarar, beste praksis og eventuelle føringar for korleis sirkularitet kan fremjast gjennom planar på ulike nivå. Utvikling av metodar for måling av effektar og gevinstar av sirkulære løysingar for verdiskaping, klima og natur vil bli prioritert. Relevante arenaer og nettverk for utvikling av ny kunnskap, kompetanseutvikling og erfaringsutveksling skal bli sikra. Det offentlege skal bli stimulert til å gå føre i politikktutvikling, eiga forvaltning og større anskaffingar.
2.2 Stimulere til å utvikle løysingar for sirkulær ressursbruk i ulike sektorar	Samfunns- og bedriftsnytte og kostnader for sirkulære løysingar i ulike verdikjeder skal synleggjerast. Det skal utviklast eit system som sikrar at tilgjengeleg energi i Vestland blir prioritert til sirkulær omstilling av eksisterande industri og etablering av høgverdig, eksportretta grøn verksemd. Vi skal bygge vidare på Grøn region Vestland sin innsats for industrielle symbiosar, der aktørar i eit definert geografisk område eller i ei verdikjede samarbeider tett om å utnytte kvarandre sine ressursar. Samarbeid for å styrke sirkularitet i verdikjeder knytt til landbruk, reiseliv, tekstil, bygg- og anlegg, transport og logistikk skal bli meir systematisk. Det skal bli lagt til rette for sirkulære tiltak i ulike verdikjeder, til dømes «sirkulære handelsområde» med deling, reparasjon og ombruk som del av handelsopplevinga. Det skal bli lagt til rette for etablering av fleire lokale dele- og gjenbruksordningar og gode ordningar for å gjere om avfall til ressurs. Innsats for meir effektiv bruk av eksisterande bygningsmasse og val av material med låg klima- og ressursbelastning skal bli intensivert. Det skal bli utvikla gode oversikter over barrierar knytte til regelverk, prosessar og arbeidsdeling i etablering av sirkulære verdikjeder.
2.3 Styrke totalberedskap og forsyningstryggleik	Totalberedskap skal bli styrka gjennom innsats for sikrare matforsyning og redusert avhengigheit av å importere viktige varer og ressursar. Kritiske ressursar som blir produserte, foredla og brukte i Vestland skal synleggjerast, saman med korleis desse bidreg til sirkulær beredskap både regionalt, nasjonalt og i Europa. Det skal leggjast aktivt til rette for fleirbruk av areal og andre ressursar, til dømes ved at sivile område kan romme militære eller andre samfunnskritiske funksjonar. Energisystem med evne til øydrift må bli utvikla, fordi dette er avgjerande for beredskap og samfunnsrobustheit. Avklare potensial for meir gjenbruk og resirkulering av kritiske råmateriale i Vestland som er avgjerande for auke sjølvforsyninga av både mat, reint vatn og råvarer. Dette omfattar å styrke samhandling mellom jordbruk, skogbruk, havbruk, fiskeri og bioøkonomiske næringar for å auke bruken av sidestrøumar (fiskeavskjer, husdyrgjødsel, biologisk avfall, biprodukt frå landbruket etc.). Å redusere importdelen av fôr til marin sektor og annan matproduksjon er av høg prioritet. Like eins vil tiltak for å styrke den digitale sikkerheita bli prioritert. Sivilt-militært samarbeid skal bli intensivert for å fremme fleirbruk og utvikling av nye produkt og tenester for sivil og militært bruk.

Sentrale aktørar: Kommunane, KS, fylkeskommunen, Statsforvaltaren, næringsaktørar, klynger, operatørar i det nasjonale næringshage- og inkubatorprogrammet, Innovasjon Norge, Siva, forskingsorganisasjonar, nett- og kraftselskap, forsvaret, Næringsforum Vestland, landbrukspartnerskapen, Forsvarsforum Vestland, partane i arbeidslivet

Mål 3: Kunnskapsbasert nyskaping tilpassa fortrinn og utfordringar i heile fylket

Strategiar 2027 - 2031	Dette skal gjerast
3.1 Samarbeide om nyskapande samfunns- og næringsutvikling i kommunane	Kommunar, næringsliv, innovasjonsaktørar og kunnskapsmiljø skal saman styrke samarbeidet om nyskaping, næringsutvikling og stadattraktivitet i heile fylket. Aktørane skal styrke kvarandre gjennom deling av erfaringar, utvikling av felles løysingar og målretta verkemiddelbruk. For å utvikle attraktive lokalsamfunn og eit berekraftig næringsgrunnlag må innsats bli tilpassa fortrinn og utfordringar i ulike delar i fylket.
3.2 Forsterke alle fasar av innovasjonsprosessen i næringslivet	Alle fasar av innovasjonsprosessen for verksemdar, frå oppstart til vekst, oppskalering og internasjonalisering, skal bli forsterka. Det systematiske arbeidet med å forsterke førstelinjetenestene og kommunane si rolle, også på nasjonalt nivå, skal halde fram. Styrking av samspelet mellom offentleg og privat finansiering i ulike fasar av innovasjonsprosessen vil bli prioritert. Systemet for eksport og internasjonalisering skal bli styrka.
3.3 Stimulere til forskingsbasert innovasjon og kunnskapsutvikling	Det skal leggjast til rette for auka samarbeid mellom næringsliv, offentleg sektor, utdannings- og forskingsaktørar. Vi skal intensivere innsatsen for å mobilisere og stimulere til forskings- og utviklingsprosjekt som støtter opp om innovasjon i næringsliv og offentleg sektor. Støtte opp under teknologioverføring, kommersialisering av forskingsresultat som grunnlag for etablering av nye verksemdar. Satsing på meir studententreprenørskap skal halde fram.
3.4 Sikre tydelege roller og sterke aktørar i innovasjonssystemet	Vestland har eit stort mangfald av dyktige innovasjonsaktørar, men det er behov for sterkare og meir robuste miljø som kan ta større oppgåver og vere relevante for fylket sine langsiktige utfordringar og fortrinn. Innovasjonsaktørar, utdannings- og forskingsmiljø, næringsliv og offentleg sektor skal saman utvikle eit innovasjonssystem med tydelege roller, slik at fleire idear blir omsette til lønsame verksemdar, nye løysingar og auka verdiskaping. Sterke miljø skal ikkje bety sentralisering. Ved å utnytte digitale tenester, tilpassa verktøy og vidareutvikle samarbeidsformer skal innovasjonssystemet bli meir tilgjengeleg og relevant i heile fylket.

Sentrale aktørar: Kommunane, KS, fylkeskommunen, næringsaktørar, Innovasjon Norge, Siva, Forskingsrådet, forskingsorganisasjonar, høgskular og universitet, operatørar i det nasjonale næringshage- og inkubatorprogrammet, klynger, frivillig sektor, kultursektoren, partane i arbeidslivet

Mål 4: Eit fleksibelt kompetansetilbod tilpassa behova til arbeidslivet

Strategiar 2027 - 2031	Dette skal gjerast
4.1 Utvikle og stimulere til fleksible og tilgjengelege kompetansetilbod	For å møte behova for kompetanse og arbeidskraft må vi utvikle og vidareutvikle fleksible og tilgjengelege kompetansetilbod på alle utdanningsnivå. Innan vidaregåande opplæring må modellar for opplæring som sikrar økonomisk berekraftige løysingar testast ut gjennom mellom anna prosjekt og pilotforsøk. Dette inneber til dømes bruk av hybride løysingar i distrikta. Det skal leggjast til rette for utvikling av fleksible og tilgjengelege kompetansetilbod i høgare utdanning. Dette er særleg viktig innan tilboda knytt til etter- og vidareutdanning. Strategien skal bidra til at arbeidsplassar får lett tilgjengelege kurs for arbeidstakarar både på vidaregåande- og fagskulenivå. I tillegg til kompetansetilboda frå utdanningsinstitusjonane må det leggjast til rette for systematisk kompetansedeling og uformell læring på arbeidsplassen.
4.2 Skaffe oversikt og innsikt i behova til arbeidslivet	Kompetansebehovet i fylket skal kartleggjast ved hjelp av innsamling av data, statistikk og relevant forskning. Ved å overvake og analysere utviklinga i arbeidsmarknaden i fylket vil vi tidleg oppdage område der det oppstår ubalanse mellom tilbod og etterspurnad av arbeidskraft og kompetanse. Dette kan også hjelpe oss med å sikre at utdanningstilboda er i samsvar med behova i arbeidslivet i dei ulike delane av fylket. Statistikk og analysar av arbeidsmarknaden og framtidige kompetansebehov skal formidlast gjennom digitale løysingar, rapportar, foredrag og dialog med samarbeidspartnarar. Kompetansen til nyutdanna kandidatar på alle utdanningsnivå skal synleggjerast for å stimulere til at arbeidsgjevarar i større grad rekrutterer frå denne gruppa.
4.3 Vidareutvikle ei heilskapleg og kunnskapsbasert rådgjeving og rettleiing for unge og vaksne	Tettare samarbeidet mellom skuleslaga, rettleiingstenester og høgare utdanning om ei heilskapleg rådgjeving og rettleiing er prioritert. Det vil styrke rådgivinga om utdanning og yrke gjennom heile utdanningsløpet og i overgangen til arbeidslivet. Dei som søker rådgjeving og rettleiing skal sikrast god innsikt i eigne interesser og moglegheiter, samt god informasjon om arbeidslivet sitt kompetansebehov og jobbmoglegheiter.

Sentrale aktørar: Kommunane, fylkeskommunen, vidaregåande skular, fagskular, høgskular og universitet, samarbeidsorgana, studiesentera, partane i arbeidslivet, Kompetanseforum, regionråda, studiesentera, NAV

Mål 5: Eit utdanningsløp som aukar fullføringa og betrar kvalifiseringa

Strategiar 2027 - 2031	Dette skal gjerast
5.1 Sikre høg kvalitet i opplæringa og utdanninga på alle nivå	Kvaliteten i opplæringa og utdanninga på alle nivå skal styrkast gjennom kontinuerleg kvalitetsutvikling, mellom anna ved vidareutdanning, samarbeid mellom skular og nivå, erfaringsutveksling og medverknad av elevar og studentar. Auka praksis i all opplæring skal styrke arbeidslivsrelevansen og motivasjonen. Arbeidet med profesjonelle læringsfellesskap i vidaregåande opplæring skal haldast fram og styrkast.
5.2 Arbeide for trygge og inkluderande læringsmiljø	Trygge og inkluderande læringsmiljø er ei føresetnad for læring og skal styrkast ved førebygging, relasjonsarbeid og tidleg innsats i barnehage, skule og opplæring. Eit godt samarbeid mellom heim, utdanningsinstitusjonar og støtteapparat vil fremje trygge læringsmiljø. Fokuset på medverknad og deltaking skal aukast slik at barn, unge og vaksne opplever å bli høyrde og inkluderte i all opplæring.
5.3 Arbeide systematisk med overgangar mellom alle utdanningsnivåa i opplæringsløpet og frå utdanning til arbeidsliv	Utvikle målretta og forpliktande samarbeidsstrukturar på tvers av sektorar, fagfelt og forvaltingsnivå for å finne gode løysingar for dei som ikkje meistarar overgangar. Det å styrke tilgangen til eit breitt spekter av læringsarenaer, læreplassar, praksisarenaer og andre arbeidslivsrelevante læringsløp vil auke moglegheitene for den enkelte å lykkast. Samarbeidet om tilpassa løysingar for alle aldersgrupper, bakgrunnar og funksjonsnivå skal aukast, med mål om å finne treffsikre ordningar for dei som har falle ut og få den einskilde inn i utdanning eller arbeid igjen.

Sentrale aktørar: Kommunane, fylkeskommunen, samarbeidsorgana, vidaregåande skular, forskingsorganisasjonar, høgskular, universiteta, spesialisthelsetenesta, partane i arbeidslivet, næringsaktørar, rettleiingstenesta, NAV, arbeidsmarknadsaktørar

Mål 6: Stabil og langvarig deltaking i arbeids- og samfunnsliv

Strategiar 2027 - 2031	Dette skal gjerast
6.1 Sikre inkludering og mangfald i arbeids- og samfunnsliv	Haldningsskapande arbeid og auka mangfaldskompetanse skal sikre at alle kan føle seg inkluderte, ynskte og ivaretekne i eit ope og inkluderande arbeidsliv med reell universell utforming. Det er viktig at arbeidstakarane har god digital kompetanse og norsk-kompetanse for å kunne nytte seg av ulike arbeidsformer. Samarbeidet mellom frivillig kultur- og organisasjonsliv, offentlege styringsorgan og lokalt næringsliv skal styrkast for å auke tilgangen til fleire arenaer for meistring og fellesskap.
6.2 Leggje til rette for større fleksibilitet i arbeidslivet	Moglegheitene for organisering av arbeidstid, val av arbeidsformer, ulike livsfasetiltak og kombinasjonar av arbeid og studium skal utforskast for å sikre rett kompetanse til arbeidslivet. Digitale løysingar, kontorfellesskap i distrikta og hybridløysingar kan vere gode metodar for at folk skal kunne delta i arbeidslivet. Det skal arbeidast for at folk kan få oppdatert kompetanse samstundes som dei er i arbeid, via fleksible løysingar.
6.3 Styrke moglegheitene for å delta lenge i arbeidslivet	For å få folk inn i arbeid raskare skal det jobbast for ulike løysingar, som til dømes raskare progresjon i utdanningsløpet (fullføring på normert tid) og utprøving av arbeidsplassar som praksisplassar og traineestillingar. Fleire arbeidstakarar kan stå lengre i jobb viss arbeidskvardagen blir tilrettelagt på ein tilpassa måte for arbeidstakaren sin livssituasjon. Gode løysingar for folk i deltidsarbeid skal fremjast, slik at dei greier å stå i sin stillingsprosent og eventuelt auke han etter kvart. Godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, NAV og relevant arbeidsmarknadsaktørar er essensielt i dette arbeidet.

Sentrale aktørar: Fylkeskommunen, kommunane, mangfaldsorganisasjonar, NAV, forskingsorganisasjonar, kulturinstitusjonar, frivillige organisasjonar, partane i arbeidslivet, fagskular, høgskular, universitet, spesialisthelsetenesta, arbeidsmarknadsaktørar

Oppfølging av handlingsprogrammet

Roller og ansvar

Aktørane i Vestland har ulike roller og ansvar. Vestland fylkeskommune har ei koordinerende og mobiliserande rolle og er ansvarleg for å følgje opp handlingsprogrammet. Fylkeskommunen er samstundes ein sentral tenesteleverandør innan opplæring, samferdsel, tannhelse, kultur og regional utvikling.

- Kommunar, statlege organ og fylkeskommunen skal legge den regionale planen til grunn for si planlegging og verksemd, jamfør plan- og bygningslova.
- Statlege departement og direktorat set rammer gjennom politikk, regelverk og finansieringsordningar.
- Næringslivet, kunnskapsmiljøa, kulturinstitusjonar og frivillig sektor bidrar med kompetanse, nettverk og ressursar
- Verkemiddelapparatet hos fylkeskommunen bidrar med finansiering, kunnskap og støtteordningar mot næringsliv, innovasjon og arbeidsmarknad

Samarbeid

Handlingsprogrammet krev samordna innsats på tvers av forvaltingsnivå. Dette inneber tett dialog mellom fylkeskommunen og kommunane i Vestland, samarbeid med statlege etatar og departement om rammevilkår og verkemiddel. Samarbeidet med ei rekke aktørar på lokalt og regional nivå må vere tett. Det er ikkje berre eit verkemiddel, men det er ein føresetnad for å lukkast.

Samarbeidet kan ta mange former, avhengig av kva som best tener formålet. Dette kan vere partnerskap og formelle samarbeids- eller innovasjonsavtalar mellom fylkeskommunen og sentrale aktørar, deltaking i felles arenaer for dialog, kunnskapsdeling og koordinering, prosjektsamarbeid knytt til konkrete tiltak i handlingsprogrammet og uformelt samarbeid gjennom nettverk, klynger og fagmiljø. Kompetanseforum Vestland og Næringsforum Vestland er to heilt sentrale samarbeidsarenaer for oppfølging av handlingsprogrammet.

Tiltak

Tiltaka blir utvikla hausten 2026, etter at fylkesutvalet vedtek høyringsutkastet til planen i august 2026. Kvart tiltak skal vere tydeleg knytt til ein eller fleire strategiar og mål i den regionale planen. Dei skal ha ein ansvarleg aktør og ein tydeleg tidsplan, og må vere realistiske i høve tilgjengelege ressursar. Tiltaka vil variere i omfang og kompleksitet, frå årlege aktivitetar til fleirårige prosjekt. Dei vil bli utvikla i samarbeid med

aktørar i heile Vestland og oppdaterte i samband med dei årlege vurderingane av handlingsprogrammet.

Verkemiddel

Styring og samhandling skjer gjennom ulike verkemiddel. For å nå måla i planen må verkemidla vere dynamiske og tilpassa behov. Verkemiddel og verktøy er ikkje statiske. Nye kjem til, og andre vert tatt bort.

Planen identifiserer følgjande typar verkemiddel:

- Økonomiske verkemiddel
- Politiske verkemiddel
- Samhandling og møteplassar
- Forvaltingsmessige verkemiddel
- Juridiske verkemiddel
- Kunnskapsinnhenting og analyse
- Forsking og utvikling
- Internasjonalt samarbeid

Gjennomføring av handlingsprogrammet krev god oversikt over kva verkemiddel som finst, korleis dei kan bli nytta og kva nye verkemiddel eller konkrete verktøy det er behov for. I handlingsprogramperioden vil det bli jobba systematisk med å utvikle regionale verkemiddel og påverke nasjonal politikk og innretting på nasjonale verkemiddel.

Resultat og effektmåling

Vestland fylkeskommune skal utvikle og samle statistikk og analyse på ein open og tilgjengeleg nettside.

Vestland fylkeskommune har ein ambisjon om å følgje opp planen på ein kunnskapsbasert og systematisk måte. Å måle samfunnsutvikling på tvers av mange aktørar og sektorar er krevjande, og det finst ikkje alltid indikatorar som fangar opp alle dimensjonane i planen. Samstundes finst det allereie gode indikatorar på sentrale område, til dømes innan demografi, helse, sysselsetting og utdanning, som kan danne eit viktig grunnlag.

Ambisjonen er å byggje vidare på eksisterande indikatorar og statistikkgrunnlag, og ved behov supplere med nye. Indikatorane bør gi grunnlag for rapportering og eventuell kursending, og der det er mogleg knytast til konkrete prioriteringar og ansvarlege aktørar. Fylkeskommunen ønskjer å samarbeide med kommunar og statlege etatar om innhenting av data, slik at status på indikatorane kan inngå i den årlege gjennomgangen av handlingsprogrammet.

Rullering av handlingsprogrammet


Indikatorane er eit sentralt grunnlag for dei årlege vurderingane av handlingsprogrammet. Dersom indikatorane viser at tiltak ikkje gir forventa resultat, at rammevilkåra har endra seg vesentleg eller at nye prioriteringar tilseier behov for omlegging, vil dette kunne føre til rullering. Målet er at avgjerder om rullering alltid skal vere kunnskapsbaserte og forankra i faktiske data og erfaringar frå gjennomføringa.

Behov for temaplanar

Første generasjon av handlingsprogrammet skal avklare om det er behov for temaplanar på spesifikke område. Temaplanar kan følgje opp delar av den regionale planen meir i djupna. Behovet vil bli vurdert i dialog med relevante aktørar.

Kva er ein temaplan? Jamfør Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

«Temaplanar vert nytta for planspørsmål som er knytt til fylkeskommunen sine oppgåveområde, og der fylkeskommunen sjølv har dei viktigaste verkemidla. Dei skal bygge på planbehov som er skildra i regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar skal setje retning og gje rammer for utvalde tema og er heimla i kommunelov eller sektorlovverk. Form og prosessreglane for regional plan gjeld så langt det passar for temaplan inntil plansystemet er vidareutvikla, og vert tilpassa den einskilde plan og dei problemstillingar planen tek opp. Når temaplanar har stor påverknad på samfunnet, og der andre aktørar har viktige verkemiddel, skal eksterne aktørar involverast. Temaplan kan då vere grunnlag for langsiktig og samordna samarbeid, partnerskap og verkemiddelbruk»



vestlandfylke.no